


Finansdepartementet

Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Vår ref.:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Dato:

2012/76 - 2006/2012

Hanne Løvereide Årstad, 51863803

30.04.2012

Høyring - Endringar i helsesektorens tilgang til folkeregisteropplysningar

Vi viser til høyringsbrev og notat av 31.01.2012.

Helse Vest RHF støttar forslag om endring i lov om folkeregister og folkeregisterforskrifta slik at private helseverksemdar og privatpraktiserande helsepersonell som yter helsehjelp på vegne av det offentlege, kan få tilgang til folkeregisteropplysningar slik høyringsnotatet legg opp til

Private aktørar er ein viktig del av den offentlege spesialisthelsetenesta og vi ser det som nyttig at dei har same moglegheit, som dei offentlege aktørane, til folkeregisteropplysningar. Dette vil bidra til eintydig identifikasjon mellom aktørar i helsetenesta som også er ein føresetnad for elektronisk kommunikasjon.

Helse Vest RHF sluttar seg vidare til at tilgangen for privatpraktiserande helsepersonell skal skje gjennom Norsk Helsenett. Personvernet vil bli tatt hand om på ein tilfredstillande måte da Norsk Helsenett har system for å sikre behandling av fortruleg informasjon. Norsk Helsenett vil også sikre at aktørane ikkje får tilgang til opplysningar ut over det som den enkelte aktør har behov for. I tillegg krev Norsk Helsenett at den private helseaktøren skal halde seg til «Norm for informasjonssikkerhet i helseomsorgs- og sosialsektoren».

Med helsing

Ivar Eriksen
Eigardirektør

Hanne Løvereide Årstad
seniorrådgivar